

Klimaplan for Fyresdal kommune – Tiltak i handlingsdel

Arealforvaltning

MÅL: Ta vare på naturen gjennom berekraftig arealforvaltning

TILTAK:

- Ta vare på viktig natur (våtmark, myr, kantvegetasjon, skog) som kan avgrense effektane av klimaendringane i arealplanlegginga, i tråd med nasjonale planretningslinjer for kommunal og regional planlegging.
- Utsette slått av vegkantar på kommunale vegar med biologisk mangfald, spesielt artsrike vegkantar med slåtteengflora, orkidear og/eller sjeldne planteartar.
- Tiltak for å redusere og avgrense spreinga av framande artar oppført på den nasjonale fremmedartslista. Spesielt i høve renovasjon (rett handtering av framande artar og informasjon til innbyggjarane), og drift og vedlikehald av kommunale vegar og eigedom

Jordbruk

MÅL: Auka verdiskaping og berekraftig jordbruk.

TILTAK:

- Delta i det fleirårige tverrkommunale prosjektet i regi av Vest-Telemarkrådet og landbruksforvaltinga i Vest- Telemarkkommunane: for å rettleie og støtte gardbrukarar til mellom anna å oppnå gode miljøeffektar i sitt arbeid:
- Stimulere og informere om dyrking av frukt og grønt.
- Stimulere til auka produksjon og sal av lokalmat i kommunen.
- Gjennomføre informasjons- og haldningstiltak for å auke gjenvinning av plast frå landbruket.

Skogbruk

MÅL: Minimere avskoging og auke det totale opptaket av klimagassar

TILTAK:

- Oppfølging av foryngingsplikta, og auka fokus på rådgjeving kring skogskjøtsel.
- Følgje opp etterslepet på manglande utført ungskogpleie.
- Ta vare på store samanhengande skog- og utmarksområde i tillegg til jordbruksareal og berekraftig dyrkbar jord i planprosessar.

Sirkulærøkonomi og avfall

MÅL: Frå verdilaust til verdifullt

TILTAK:

- Vere rollemodellar ved å minke matsvinn og auke kjeldesorteringsgraden i eiga verksemd. Det skal bli lagt opp til sirkulær bruk av ressursar innanfor alle teneste- og driftsområde for å unngå å skape avfall og for å auke gjenbruket.
- Vurderer auka bruk av lokalproduserte matvarer på kommunale einingar.
- Støtte oppunder/mobilisere til byttedagar/bruktdagar som blir arrangert av ulike aktørar. Stimulere til reparasjon framfor å kjøpe nytt, legge til rette for dei som ønskjer å satse på dette.
- Stimulerer til gjenbruksordning på avfallsstasjonen i kommunen. Til dømes ein container der innbyggjarane kan hente og levere brukbare gjenstandar.
- Gje innbyggjarane kunnskap og praktiske tips for å auke utsorteringsgraden av hushaldningsavfall.
- Kommunen må syte for miljøleiving i kommunal verksemd og oppmode/ rettleie næringslivet til å innføre miljøleiving. Til dømes ved å miljøsertifisere kommunane og næringslivet i samarbeid med Stiftelsen Miljøfyrtårn eller andre miljøsertifiseringsordningar.
- Kommunen deltek i prosess for Merket for berekraftig reisemål. i samarbeid med Visit Telemark, Vest-Telemarkrådet, kommunane og reiselivsnæringa

Innkjøp

MÅL: Redusert klimaavtrykk frå innkjøp

TILTAK:

- Vurdere klimarekneskapen som ein del av kunnskapsgrunnlaget for alle nye kommunale byggeprosjekt og større rehabiliteringsprosjekt.
- Bygg i kommunens regi skal bli vurdert utført i tre (massivtre) eller reisverk av tremateriale, og dette skal gå fram av anbudsgrunnlaget
- Innarbeide klima- og miljøomsyn i reglar for anskaffingar og kontraktsmalar.
- Bruk av energikjelde med lågt klimafotavtrykk skal vurderast i alle kommunale byggeprosjekt

Enøk

MÅL: Redusere energibruk

TILTAK

- Vurdere renovering av eksisterande kommunale bygg framfor nybygg, avgjersle bør takast etter ei heil- skapleg vurdering av klimarekneskap og økonomi.
- Vurdere å installere energifleksibel lågtemperatur varmeløysing (vassbåren) basert på fornybare energi- kjelder med lågt klimafotavtrykk i kommunale formålsbygg ved større rehabilitering.
- Ta i bruk smartstyring av varme og ventilasjon der det er mogleg.
- Stimulere til produksjon og bruk av fornybar energi gjennom rådgjeving.